



**Polakkane frå bedrifta Boniek i Slupsk har no reist heim att etter ei vekes opphald på Rabben Feriesenter som dei har hatt som base under det spesielle fisket sitt. Dei 9 i kameratgjengen har operert i fullt dykkarutstyr. Dei har vore her før og opplyser at dei kjem att til neste år.**

Med harpun har dei fanga ymse botnfisk, som raudspette og piggar og dei har med dette som grunnlag eksperimentert med diverse rettar. Polakkane nyttar opphaldet i Uskedalen også som trening i dykking og dei har imponerende utstyr. Dei seier at dei er svært nøgde med opphaldet.

Foto: Ola Matti Mathisen